

Fokus på Skjåk

- naturlegvis



Skjåk Arbeidarparti

BULYST OG RIMELEG STRAUM

Befolkningsutviklinga er i dag vår største utfordring. I fylgje SSB, vil det om ti år vere over 200 mindre innbyggjarar i Skjåk i arbeidsaktiv alder. Skjåk har nesten ingen arbeidsledige og vi har eit stort, godt og variert næringsliv i tillegg til dei offentlege arbeidsplassane. Det er allereie i dag mange som pendlar inn til Skjåk for å arbeide. Vår største framtidsutfordring blir å få tak i nok arbeidstakarar. Derfor har Skjåk Ap eit godt valprogram for dei fire neste åra som ber preg av det. Vi treng ei forandring!

Næringsfondet må kome sterkare inn i bilde når vi tenker både Bu-lyst og ny-etablering. For å få til dette må vi



fyrst og fremst endre den kommunale bruken av næringsfondsmidlane, slik at det meste av midlane går direkte til næringslivet og Bu-lyst- ikkje til kommunal drift. Vi må tenkje bu-lyst på langt fleire områder enn i dag. Vi må ha eit hovudfokus på å behalde ungdommen og dei nåverande innbyggjarane, i tillegg til å leggje til rette for tilflytting. Skjåk AP vil leggje til rette for attraktive bustadar. Ungdom og nyetablerte må få moglegheit til å kome inn på bustadmarknaden gjennom billig leie eller rimelege leilegheiter og bustadar med toppfinansiering.

Ein anna viktig sak, som etter planen blir avgjort før jul 2023, er moglegheita for at Skjåk Energi med dotterselskap utanom Skjåk Vasskraft blir seld eller fusjonert inn i eit anna og større selskap. Fleirtalet i Skjåk Kommune-styre, generalforsamlinga, sa dessverre



ja til at styret skulle få undersøkje, og eventuelt kome med ei anbefaling om dette.

Skjåk AP seier tydeleg Nei til fusjon eller sal av Skjåk Energi, Skiaker-Nett, Skjåk Energi Entreprenør og Aursjokraft. Dersom det skulle skje, vil Skjåk Kommune miste råderetten over utviklinga som disse selskapa vil kunne få i framtida. I tillegg til å setja framtidig verdiskaping og arbeidsplassar i spel, vil vi miste all kontroll over å kunne gi bedrifter og innbyggjarar i Skjåk rimeleg straum- også i framtida. Skjåk AP vil sikre at vi



også i framtida skal kunne tilby våre innbyggjarar rimeleg straum.

For å oppsummere vil Skjåk AP arbeide hardt for å oppnå vårt politiske program for 2023-2027, noko vi meiner vil vera til det beste for våre sambygdingar. For å få til det treng vi nettopp din stemme.



*Bruk stemmeretten
din, godt val!*

STIG ERLEND BANKEN

56 år, bur i Nordberg.

Driftsingeniør i SkiakerNett AS.

Ordførarkandidat for Skjåk Arbeidarparti.

I SKJÅK -naturlegvis

ARBEID OG BUSETJING

Skjåk skal vera ei "ja-kommune". Vi skal ta imot tilflyttarar på ein best mogleg måte. For å auke folketalet og skape meir liv og aktivitet i bygda, er vi avhengige av eit levande næringsliv, som både tenkjer nytt og byggjer vidare på erfaring og tradisjon. Vi vil ha eit hovudfokus på **bulyst!**

Skjåk AP vil:

- **Marknadsføre bustadtomter, tilretteleggje for små og rimelege sentrumsnære leilegheiter.**
Selja ut delar av dei eldre kommunale bustadane.
Bustadsosial profil og tilrettelegging for å få bustadlån og toppfinansiering.
- Arbeide for å styrke industri og tenesteyting, og utvikle kompetansearbeidsplassar.
- Satse på eit framtidretta landbruk. Vi har store moglegheiter innan nisjeprodukt, lokal matproduksjon, utnytting av utmarksressursane og auka beitebruk. Det er viktig at Stortinget sitt rovviltforlik blir gjennomført.
- Sterkare satsing på reiselivet.
- Utvikle Skjåk som ei god hyttekommune, og ha eit godt samarbeid med hytteforeiningane.
- Vidareutvikle Bismo som sentrum i Skjåk. Få på plass eit offentleg toalettanlegg i bygdesenteret.
- **Få gjort ein moglegheitsstudie, og få på plass ein ny reguleringsplan som omfattar heile Dønfossområdet for å vidareutvikle næringsliv, turisme og bustadområde.**
- Styrke og utvikle samarbeidet mellom Næringsnettverket i Skjåk (NIS) og kommunen.
- Næringsfondet skal brukast til å styrke og utvikle næringslivet. Fondet skal ikkje nyttast til å finansiere kommunal drift.
- **Auke etablerarstipendet frå 150.000 til 200.000 kr.**
- Utvikle godt tilrettelagde næringsareal.
- Dersom det blir etablert eit datasenter i Skjåk vil det bli stilt strenge krav. Målsetjinga er eit datasenter som ein ikkje legg merke til, men som vil skape store verdiar for Skjåk samfunnet. Det skal vere av dei mest miljøvennlege og straum-effektive, med stor utnytting av restvarme. Det skal ikkje vere lov å utvinne kryptovaluta ved eit slikt senter i Skjåk.

SAMFERDSEL OG IT-UTBYGGJING

Næringsliv og innbyggjarar er avhengige av god kommunikasjon for at drift og daglegliv skal fungere.

Skjåk AP vil arbeide for:

- Å gjennomføre utbetring av rv 15 Geirangerkrysset – Otta og ny tunnel over til Stryn, Breidalen - Skåre, med arm til Geiranger må snarast inn i NTP for planleggjing og løyving.
- Opprustning av fylkesvegane.
- Gang- og sykkelveg frå Dønfoss til Lom.
- Å slutføre sykkeltraseen frå Dønfoss til Geiranger-krysset.
- Gang- og sykkelbru Bismo – Lundagrenda.
- Fokus på eit styrka kollektivtilbod, t.d. betre samordning mellom buss og tog.
- Ein rassikker veg mellom Lom og Skjåk.
- Fiber til dei hyttefelta det er lagt til rette for.
- Fiber over til Stryn.
- Å styrke beredskapen innan data og mobilnett for å betre kunne handtere straum- og fiberbrot.
- Ein miljøvenleg flyplass i Ottadalen.

BARN OG UNGDOM

Skjåk AP vil arbeide for:

- Fleire møteplassar for ungdom.
- At alle skal få barnehageplass og sommar-ope ved behov.
- Å gjennomføre ny barnehagestruktur der barn frå Holemark blir samla i Bismo.
- Å satse på tidleg innsats i barnehage og skule, slik at alle fullfører skulen på ein god måte.
- Å styrke og utvikle vidaregåande skule i Lom. Opprette ei landsline for friluftsliv.
- Eit gratis måltid om dagen for alle ungdomsskuleelevar.
- Å vidareutvikle den gode kulturskulen vår.
- Å satse på læringsplassar, både i kommunen og innan næringslivet.
- Å styrke fritidstilbodet for ungdom. Ungdomsklubben treng organisering og utstyr.
- At all ungdom som fell utanfor det ordinære skuletilbodet skal få tilbod om arbeid eller tilpassa skuletilbod.

HELSE OG OMSORG

Skjåk AP vil arbeide for

- **Felles kreftsjukepleiar i full stilling i Lom og Skjåk.**
- Å sikre og utvikle legevaktordninga, ambulansetjeneste og legehelikopter.
- Akuttbil/legebil, som skal koma i tillegg til ambulansebilane.
- **At alle som treng det skal vere sikra avlastning og omsorgsbustad/institusjonsplass.**
- Å satse på forebyggjande folkehelsearbeid for alle aldersgrupper.
- Å styrke og utvikle tilboda ved Nord-Gudbrandsdal Lokalmedisinske Senter (NGLMS).
- **Å fylgje vedteken helseplan og støtte opp om helselag og all friviljug innsats.**
- Å ta i bruk velferdsteknologi til beste for brukarar og tilsette.

KULTUR OG IDRETT

Dei frivillige organisasjonane er bærebjelkar i samfunnet vårt, særleg innan helsearbeid, idrett og kulturliv. Det er viktig at kommunen har eit godt samarbeid med desse organisasjonane, og støttar opp om den frivillige innsatsen.

Skjåk AP vil arbeide for:

- **At friviljugsentralen som er ein viktig ressurs, må få auka støtte til å halde fram med sitt viktige arbeid.**
- Å utvikle biblioteket som kulturarena og møteplass.
- **Å fullføre siste trinn med ny Skjåkhall.**
- Å støtte opp om grendahusa våre, og Marlo Grendehus som Skjåk si storstugu.

KOMMUNEØKONOMI

Skal kommunen ha handlingsrom til å møte utfordringane framover, er vi avhengige av ein velordna og sterk kommuneøkonomi. Skjåk AP skal som hovudregel fylgje dei vedteke retningslinjene i den økonomiske handlingsregelen, og arbeide for at dei kommunale ressursane blir nytta på best mogleg måte.

Skjåk AP vil ikkje innføre eigedomsskatt på private bustader og hytter.

KRAFTRETTANE OG SKJÅK ENERGI

Kraftressursane har heile tida vore viktige for Skjåk.

Skjåk AP vil:

- **Si nei til fusjon eller sal av Skjåk Energi og SkiakerNett AS.**
- **Gi rimeleg straum til næringslivet og boligkunder.**
- At Skjåk kommune skal behalde og forvalte kraftrettane på best mogleg måte.
- At Skjåk kommune skal byggje opp god kompetanse for å sikre kraftressursane våre.
- At Skjåk Energi AS med dotterselskapa skal vere 100% eigd av Skjåk kommune.
- At SkiakerNett AS skal drive si nettverksemd på ein god og rasjonell måte.
- At Skjåk Energi AS skal ha god kompetanse og ressursar til beste for kundane, og skape gode resultat for eigaren.

KLIMA, MILJØ OG BEREDSKAP m.m.

Skjåk AP vil:

- Ha sterkare satsing på fornybar energi, som solenergi, biovarme, jordvarme og småkraftverk.
- Fylgje opp klima og miljøplan, og auke støtte til miljøvenlege tiltak.
- Ha eit bærekraftig og klimavennleg samfunn i Skjåk. Vi vil at miljøomsyn skal vege tungt i all kommunal verksemd, transport og innkjøp av transportmidlar og tenester.
- At NGR snarast må leggja til rette for meir kjeldesortering og kompostering av matavfall.
- At vi skal sikre at beredskaps-tenesta heile tida er oppdatert, slik at vi står sterkare rusta til å møte konsekvensane av klimaendringane og av uforutsette hendingar som t.d. ulykker, flaum og ras.
- At kommunen ikkje skal bruke eingongsplast der miljøvennlege alternativer finst.
- At Skjåk kommune skal vere ein god arbeidsgjevar, med fokus på arbeidsoppgaver og eit godt arbeidsmiljø. Vi vil at dei tilsette skal ha oppdatert kompetanse og moglegheiter for utvikling.
- Satse både på samarbeid med grannekommuner, på regionsamarbeidet i Nord-Gudbrandsdal og på Fjellregionsamarbeidet mellom Nord-Østerdal, Nord-Gudbrandsdal og Valdres.

Skjåk AP vil slåss mot sentralisering og auka ulikheiter. Det er nok nå.

Tida er inne for distriktsoppbygging og mindre forskjell på folk.



Listekandidatar



Skjåk Arbeidsparti

Kommunevalet 2023

1. Stig Erlend Banken (f. 1967)
2. Eva Therese Hyrve Bosmen (f. 1974)
3. Lisbeth Risheim (f. 1998)
4. Leif Risheim (f. 1970)
5. Arnfrid Austin (f. 1945)
6. Per Thorstein Dagsgard (f. 1953)
7. Lena Banken (f. 1970)

8. Nils Henry Fosstuen (f. 1970)
9. Marion Hyrve (f. 2003)
10. Tor Arild Hidemstrædet (f. 1973)
11. Desi Fosstuen (f. 2003)
12. Sigmund Haugom (f. 1952)
13. Lene Jeanette Frøise (f. 1990)

Godt val!